



Astrid Aarhus Byrknes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2226 - 18/38090

Saksbehandlar:

Morten Olsen Schulstad

morten.olsen.schulstad@lindas.kommune.no

Dato:

19.12.2018

Orientering om kapasitet på Knarvik ungdomsskule

Samarbeidsutvalet på Knarvik ungdomsskule (SU) ønskjer med dette å gje ordførar ei orientering om kva utfordringar SU ser rundt kapasiteten på skulen.

Knarvik ungdomsskule har sidan februar 2018 mangla godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern grunna for lite areal til elevane. Etter å ha jobba fram ei løysing der skulen oppretta ei ny klasse på 10. steget er det søkt om ny godkjenning 27.11.18. Skulen hadde godkjenningstilsyn onsdag 13.12.18 og blir no godkjent under føresetnad om at skulen sitt uteområde blir utvida. Under den nye godkjenninga vil skulen ha eit makstal på 350 elevar.

Inneverande skuleår går det 343 elevar på skulen. Dei er fordelt slik:

10. steg har 121 elevar fordelt på 5 klassar

9. steg har 106 elevar fordelt på 4 klassar

8. steg har 116 elevar fordelt på 5 klassar

Mellombels tal for neste skuleår tilseier at omkring 151 elevar har rett på plass på Knarvik Ungdomsskule. Erfaring frå tidligare år tilseier at 20-25 av dei finn seg andre alternativ (private skular eller Ostereidet). Elevtalet neste år ser då ut til å legge seg svært tett opp til makstal.

Utover at skulen ser ut til å ligge på grensa av kapasiteten ser SU to andre risikofaktorar:

1: Kommunedelplan 2010-2020 opererer med eit elevtal på Knarvik ungdomsskule som vil auke jamt opp til rundt 440 elevar. Desse prognosane er ikkje lengre valide, men det er eit faktum at elevtalet syns å stige frå år til år. Om dei nye barneskulane i Knarvik og Alversund når full kapasitet vil dei to aleine levere frå seg mellom 120 og 130 elevar til ungdomstrinnet kvart år. I tillegg kjem elevane frå Seim og dei frå Leknes som krev plass etter nærskuleprinsippet.

2: Frå 2020 vil store delar av Flatøy og mogleg dei sørligaste delane av Radøy ha Knarvik som næraste ungdomsskule: SU har ikkje solide tal på kor mange ungdommar det er snakk om, men vi estimerar mellom 7 og 15 pr. kull slik det er no. Om det byggast ut fleire boligar på Flatøy vil talet sjølvklart stige.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



SU ser for seg at dei utfordringane som er skildra her må løysast i to parallelle prosessar. Først må skulen, saman med avdelingane for oppvekst og eigedom, finne gode kortsiktige løysingar for både at skulebygga har naudsynt areal og at uteområdet er innafør krava til miljøretta helsevern. Skulen disponerer til døme allereie areal i paviljongen mellom skulen og rådhuset og SU ser på dette som eit godt mellombels tiltak.

På lengre sikt meiner SU at det må treffast politiske beslutningar om kor stor Knarvik ungdomsskule skal bli. Dersom skulen fortsatt skal ha same inntaksområde som i dag må skulen byggjast ut til ein kapasitet på minst 450 elevar.

På vegne av samarbeidsutvalet:

Morten Olsen Schulstad
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kristin Moe
Line Merete Valle

Mottakarar:

Astrid Aarhus Byrknes